

Kamp mellom bygdas beste menn!

09.11.2012



Knut Døsland var målmann og sit på ballen. Frå venstre bak står Sivert Haugland, Jakop Myklebust, Sverre Arnesen, Frithjof Sunde, Andreas Haugland, Thor Myklebust og Edvard Myklebust.

Vi bringer i dag to bilete som er eit historisk og unikt dokument. Dei viser bygdas beste menn kledd i sin beste stas med slips, kvite skjorter og sixpenciluer. Karane er klare til å kjempa om ei lærkule på Heio. Diverre har vi ikkje funne ut når kampen fann stad, men mykje tyder på at det var i krigens siste fase, Ein av dei fotograferte spelarane gjekk nemlig bort i 1945.



Frå venstre sit Frithjof Kjosås, Johannes Rød, og Lars P. Haugland. Frå venstre står Hjalmar Ljosnes, Norvald Kolltveit, Sverre Myklebust, Sivert Raudstein og Ivar Bringedal.

Kva slags arrangement dette var veit vi heller ikkje, men det var mykje som gjekk føre seg på Heio. Ikkje minst Ivar Bringedal var ein ivrig pådrivar for fotballen der. Men det var også mindre høytidelege oppgjer som dei mellom dalagubbane og strandsitjarane. Var dette eit slikt?

Også bileta i seg sjølv har ei spesiell historie. Birger og Øystein Myklebust fann for lenge sidan eit lite belgkamera ved Stølavikjo, på ein stad der det var populært å opphalda seg for gjestar. Kven som eigde apparatet var det ikkje mogeleg å finna ut av.

Filmen, som var av lite format, vart det ikkje gjort noko meir med før Dag Hermansen no har kopiert han. Bileta er av god kvalitet når ein tenkjer på historia bak, Birger har lånt uskedalen.no og Uskedalsposten bileta og han har også gjeve oss opplysningar - saman med Trygve Haugland.

Men når vart bileta tekne og kva var det som gjekk føre seg? Vi er svært takksame hvis andre veit noko om denne kampen.

Klikk på bileta så vert dei større og betre!

Av Ola Matti Mathisen